



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2015 - 18/22277

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.07.2018

Tillatelse til utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg kv1152 Litlåsvegen - gbnr 126/87

Tiltak: Utvida bruk av avkøyrsløse
Byggjestad: Gbnr: 126/87 Litlåsvegen 82
Tiltakshavar: Jarle Arvid Hope
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Delegasjonssak nr.: 359/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg for gbnr 126/87 Litlåsvegen datert 01.07.2018.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det var ikkje søkt avkøyringsløyve og bustad vart oppført utan godkjent løyve til tiltak. Dette kom fram ved klargjering for sal av bustad. Bustad ført opp som generasjonsbustad, men er skilt av som 2 separate bueiningar. Det vert difor søkt om utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg for 2 bueiningar.

Vurdering/drøfting:

Eksisterande avkøyrsløse ligg på ein lavtrafikkert veg, stortsett nytta som tilkomstveg til bustader og gang-/sykkelveg mot Kaland. Avkøyrsløse er etablert på eit rettstrekk med god sikt i begge retningar.

Samandrag/konklusjon:

Alle tekniske krav for godkjenning av utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse, er tilstade i denne saka.



Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg, for 2 bustadeiningar, med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Jarle Arvid Hope	Hans Tanks Gate 8	5008	BERGEN